



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 22.11.2017

Sak nr.: 16/9296-25

Internt l.nr. 44681/17

Sak: 120/17

Tittel: Sognebåten

Behandling:

**Frå hovudutval for samferdsle låg det føre slik tilråding til vedtak:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Endestoppet til Sognebåten vert flytta til Flåm frå oktober 2018
2. Dette blir finansiert med 250.000-, frå hovudutval for samferdsle sitt budsjett, og forutset at hovudutval for næring og kultur bidrar med tilsvarende sum. Restfinansiering vert opp til FU å avsetje.
3. Det vert utgreidd differensiert takstar på båtane.

Endringsframlegg:

Senterpartiet fremja fylkesrådmannen si tilråding til hovudutvalet for samferdsle, med endring i punkt 2:

1. Sognebåten held fram som i dag med endestogg i Sogndal .
2. Fylkesutvalet ber administrasjonen greie ut eit styrka tilbod mellom Flåm og nordsida av Sognefjorden før saka eventuelt går vidare til fylkestinget.
3. Det vert ikkje innført differensierte takstar på båtane.

Avrøysting:

Åshild Kjelsnes, Helen Hjertaas og Aleksander Øren Heen røysta for framlegget frå hovudutvalet for samferdsle.

Jenny Følling, Sigurd Erlend Reksnes, Gunhild Berge Stang, Bjørn Erik Hollevik, Jakob André Sandal og Trude Brosvik røysta for framlegget frå Senterpartiet, som dermed vart vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sognebåten held fram som i dag med endestogg i Sogndal.
2. Fylkesutvalet ber administrasjonen greie ut eit styrka tilbod mellom Flåm og nordsida av Sognefjorden før saka eventuelt går vidare til fylkestinget.
3. Det vert ikkje innført differensierte takstar på båtane.